


Ei orientering frå  
Utanriksdepartementet

8

# Land- bruket



Dei Europeiske Fellesskapa



Utanriksdepartementet har fastsett følgjande nemningar og forkortingar (den engelske forkortinga står i parentes):

EF — Dei Europeiske Føllenskap (EC)

EØF — Det Europeiske Økonomiske Føllskapet (EEC)

EKSF — Det Europeiske Kol- og Stålføllskapet (ECSC)

EURATOM — Det Europeiske Atomenergiføllskapet (EURATOM)

Med dette heftet vil ein freiste greie ut om kvifor ein la grunnen til ein sams jordbrukspolitik og om korleis denne politikken etter kvart er vorten bygd opp.

For den som ynskjer ei innføring som er meir teknisk og detaljert enn denne, viser ein til rapportane frå det norske marknadsutvalet, særskilt Del VI, s. 67—93 og til St. meld. nr. 90 (1970—71).

Alle dei seks landa som skreiv under på Roma-traktaten i 1957, hadde sin eigen nasjonale jordbruksmarknad. Det var ulike prisar på jordbruksvarer, kvart land gav støtte til sitt jordbruk gjennom ymse former for importvern og overføring av inntekter. Dei einskilde landa hadde ofte interesser som stod imot kvarandre. I fyrste omgang kunne det såleis sjå ut til å vere uråd å få dei seks til å bruke like hjelperåder for å nå ulike jordbrukspolitiske målsetjingar.

Alle dei seks landa hadde fått aukande problem med jordbruket sitt i etterkrigstida. Stønadslina, som på mange vis var eit vilkår for den nasjonale jordbruksmarknaden, måtte vere i samsvar med det internasjonale ansvaret som dei ulike regjeringane hadde tatt på seg for å fremje mellom anna eksport av industrivarer. Landa hadde òg etter kvart vorti tvinga til å føre over stendig større summer frå statskassa til landbruket. Mange vona difor at *ein sams* jordbruksmarknad i staden for *s seks nasjonale* ville gjere det enklare å regulere avsetnaden på jordbruksvarer. Gjennom ei sams utjamning av dei nasjonale produksjonsoverskotta kunne landa hjelpe kvarandre med å løyse avsetnads- og overskottsproblema.

## Oppbygginga av jordbrukspolitikken i EF

Jordbruksnæringa hadde i alle dei seks landa ein heilt særskild karakter. Ho måtte difor verte regulert gjennom eigne reglar. Inga regjering ville gå med på — og heller ikkje bøndene — at jordbruksvarer skulle «konkurrere» på same vilkår som industrivarer. Før Roma-traktaten tok til å verke, hadde kvart av landa sine eigne nasjonale ordningar for jordbruksmarknaden, det vil seie eigne former for importvern, prisstønad osv.

Dei som skapte Roma-traktaten klarte ikkje å setje opp handfaste reglar for korleis ein sams jordbrukspolitikk skulle verte gjennomført.

Berre retningslinene vart gjevne: Auke produktiviteten, sikre bøndene ei rimeleg innkome, gjere dei ulike marknadene så faste som råd, garantere forsyningane, syte for rimelege prisar til forbrukar. Ein skulle òg ta omsyn til dei særskilte tilhøva som ein finn i jordbruksnæringa: Den sosiale strukturen og dei ulike naturvilkåra.

Ein måtte dessutan vere klar over at ei tenleg tilpassing av jordbruket måtte gå føre seg over lengre tid, og at landbruket i medlemsstatane er noggrant bundt saman med heile det økonomiske livet elles. — Ei sams organisering av marknadene for landbruksvarer var eitt av medla ein ville nytte for å nå dei måla ein hadde sett seg.

Ein slik skipnad kan ta mange former, alt etter typen av vare det er tale om. Det kan verte fastsett sams konkurransereglar, ein kan samordne dei nasjonale marknadsapparata eller skipe *ein europeisk* marknadsorganisasjon. Prisreguleringar og prisstønad til bøndene kan òg kome på tale, likeeins lagringsstønad og utjamningsordningar. Ein kan òg tenkje seg sams stabiliseringsordningar for import eller eksport.

For å streka under at medlemsstatane ikkje skulle vere bundne på hender og føter, seier Roma-traktaten (art. 42) at dei allmenne konkurransereglane berre skal gjelde for jordbruket i den mon Rådet gjer vedtak om det.

I same artikkelen kan ein lese at Rådet (det vedtaksføre organet i EF med representantar frå medlemsorganisasjonane) kan gi løyve til at stønad vert gitt «for å verje bruk som struktur eller naturtilhøve har sett i ei vanskeleg stode» eller «innfor ramma av økonomiske utbyggingsplanar». Gjennom fellesskapssystemet ynskjer medlemsregjeringane å gi bøndene «same rett til syssetjing og innkome som dei ville ha hatt gjennom ein nasjonal politikk».

Jamvel om regjeringane berre vart einige om å «samordne» tiltak til å betre strukturen, erklærte dei samstundes at i jordbrukspolitikken skulle det vere ein «nær samanheng mellom strukturrasjonalisering, marknadsføring og handel».

Framdrifta av den sams jordbrukspolitikken tok tid. I 1960 klarte ein likevel å nå fram til felles reglar for omsetnad, prisfastsetjing, import og eksport. Alle dei viktigaste jordbruksvarene som vart produserte i medlemslanda, skulle leggast under desse reglane.

---

## Dei sams prisane

---

Ein felles marknad for dei jordbruksvarene som var vortne innordna under eigne marknadsskipnader, fungerte altså mellom dei seks då 70-åra tok til. Dei overgangsordningane ein hadde gjort vedtak om tidleg i sekstiåra, hadde nærma prisane så mykje til kvarandre i dei ulike medlemslanda at endelege vedtak — med sams prisar — kunne verte gjorde for alle viktigare jordbruksvarer i tidsrommet 1967—68.

Tilnærminga av dei «nasjonale» prisane vart gjort på den måten at ein øvre og ein nedre prisgrense vart fastsett, og kvart år vart avstandet mellom desse prisgrensene redusert heilt til ein i dei endelege vedtaka kom til semje om ein felles pris. Slike sams prisar kravde fri omsetnad av landbruksvarer innafor Sammarknaden. Bøndene kan i dag produsere så mykje dei ynskjer og i prinsippet selje varene sine der dei vil og til kven dei vil når det eksisterer ei marknadsordning for desse varene. For å tryggje forsyninga av mjølk til konsum har EF gitt meieria løyve til framleis å samle opp mjølka frå somme distrikt. Marknadsordninga for sukker byggjer dessutan på eit kvotesystem. Fellesskapet stør skipinga av produsentorganisasjonar (salsamyrke). Medlemskapet skal her i prinsippet vere ei friviljug sak. Laga kan krevje av medlemmene at dei set i verk dei tiltak som er turvande for å få varetillbodet til å høve med etterspurnaden. Medlemmene har plikt til å selje gjennom laga, som for å hindre prisfall kan gjere vedtak om å trekkje overskottet tilbake frå marknaden mot kompensasjon.

Produsentane skal ikkje ha høve til å ta ulik betaling takk vere ein kunstig skilnad i pris. Prinsippet skal vere: Lik lønn for likt arbeid, lik pris for lik vare. Likevel kan dei prisane som kvar einskild produsent oppnår, variere noko. For dei fleste varene gjeld det at det er engrosprisen som skal liggje innafor dei fastsette grensene.

Eit slikt prissystem kan ikkje verke utan at marknaden vert verna frå sjenerande import frå land som ikkje er med i EF. Vernet ligg i den «variable importavgifta».

Inga jordbruksvare kan verte innført til EF utan at slik avgift er betalt. Avgifta varierer etter tilhøvet mellom prisen på verdsmarknaden og prisen innafor EF. Ho svarar til skilnaden på dei to prisnivå pluss ein ekstra sum som svarar til «fellesskapspreferansen». Dette gjer at det alltid vert billigare å kjøpe ei vare frå eit anna medlemsland enn å kjøpe frå eit tredjeland.

Styrken i systemet er at det er enkelt. Det vert same pris for same vare utan omsyn til dei varemengdene som kvar bonde fører fram. Det kan skape urettvise tilhøve, for produksjonsvilkåra er ikkje dei same for alle. Difor har mange slått til lyd for at systemet framleis kan tene til å halde prisane på eit nivå som er rimeleg både for produsent og forbrukar, men at dei produsentane som arbeider under særskilt vanskelege tilhøve, bør få attåt dette ein eigen inntektstønad som ikkje skal vere bunden til vareprisar eller produksjonskvanta.

Handelen med jordbruksvarer mellom dei seks har auka sterkt i sekstiåra. Særskilt gjeld dette om ein ser på verditala. Samhandelen har nemleg gått føre seg med prisar som gjeld innafor EF, og ikkje til verdsmarknadsprisar slik som tidlegare.

I St. meld. nr. 90 (1970—71) vart det opplyst at Ministerrådet i Fellesskapet i mars 1971 gjorde vedtak om at utviklingsplanane i jordbruket skal ta sikte på å etablere bruk som gir ein eller to personar i heildagsjobb ei innkome per person som minst svarar til inntektsnivået i andre yrke i same området. Med dette er inntekts- og strukturpolitikken vorten meir handfast enn før.

Meldinga seier vidare at korkje i Roma-traktaten eller i dei ordningane som seinare er vedtekne i samband med den felles jordbrukspolitikken, er det vorti fastsett noka klar målsetjing for produksjonen. Hovudmålet tykkjest vere å måte produksjonen til avsetnaden — avsetnaden gjeld her òg eksportmarknadene.

I EF har ein for dei fleste jordbruksprodukta gjennomført sams marknadsordningar. Dette tyder at det er fri handel med jordbruksprodukt mellom medlemslanda, felles importvern mot tredjeland og sams ordningar for marknadsregulering med eit garantert nivå for minsteprisar og garantert avsetnad gjennom «intervensjonsordningar» for dei viktigaste jordbruksvarene som korn, mjølk, kjøtt og flesk.

I meldinga heiter det at marknadsprisane vil svare til marknadstilhøva i EF og til dei innebygde marknads- og prismekanismane, særskilt til intervensjonsordningane.

Det er vandt å vurdere korleis marknadsprisane på jordbruksprodukt i Noreg vil endre seg ved overgangen til ein sams jordbrukspolitikk. Ei samanlikning mellom dei engrosprisane ein har no i EF og i Noreg, viser:

---

*Korn:*

Lægre marknadsprisar i Noreg enn i EF.

---

*Mjølke og mjølkeprodukt:*

For konsummjølk ingen nemnande skilnad. Marknadsprisen for tradisjonelle ostetypar ligg lægre og prisen for smør langt lægre i Noreg enn i EF.

---

*Kjøtt:*

Marknadsprisane i Noreg ser ut til å liggje under dei ein har i EF.

---

*Flesk:*

Marknadsprisen i Noreg er noko høgare enn i EF. Skilnaden svarar i stor mon til ulik pris på fritt kraftfôr.

---

*Egg og fjørfekjøtt:*

Marknadsprisen i Noreg ligg ein del over prisane i EF, og skilnaden er større enn at det heilt ut kan kome av den høgare prisen på fritt kraftfôr.

---

*Frukt, grønsaker og poteter:*

Marknadsprisen i Noreg ligg monaleg høgare enn i EF for dei fleste produkta.

---

Når marknadsprisen for korn og mjølk er lægre i Noreg enn i EF, så kjem det av tilskott som vert løyvt over statsbudsjettet.

## Finansieringa av fellespolitikken

Finansieringa av den sams jordbrukspolitikken gjeld heile Fellesskapet. Støtte-tiltaka som ein treng for å halde dei prisane EF har fastsett, vert finansierte av Det europeiske utviklings- og garantifondet for jordbruket. Dette fondet betaler i dag ut summar som er svære etter norske tilhøve: For 1968—69 omlag 15 milliardar kroner. Denne summen svara likevel berre til litt over ein tidel av det som landbruket reknar for i nasjonalproduktet i medlemslanda.

For medlemsregjeringane sjølve tok desse utgiftene berre 2,5% av dei samla inntektene. Dette er dessutan pengar som dei ulike riksstyra hadde måtta løyve likevel i stønad til sine nasjonale jordbruksmarknader.

Men den innverknaden som fondet har på inntektene til bøndene, er mykje større enn talet 10% fortel om.

Garantiavdelinga i jordbruksfondet skal syte for å halde prisane på det same nivået, uavhengig av varemengda. I 1968—69 gjekk 32% av utlogene som Garantiavdelinga hadde, til regulering av mjølkemarknaden, 34% til korn, 13% til olivenolje og oljefôr, 15% til sukker. I 1967—68 gjekk 40% av Fondet sine utbetalingar til Frankrike, 21% til Nederland, 19% til Italia, 13% til Tyskland og 9% til Belgia.

Frå 1971 skal Fellesskapet få alle dei importavgiftene som ein legg på innførte jordbruksvarer frå tredjeland. Tollavgifter på landbruks- og industri-varer skal og etter kvart gå over til ei sams kasse, og i 1975 vil desse avgiftene heilt ut gå til Fellesskapet. Dei einskilde statane vil få 10% av toll- og avgifts-summane i oppkrevingsgebyr. Dei tilskotta som fellesbudsjettet treng for å fylle oppgåvene sine fram til 1975, vert fordelte etter ein eigen fordelingsnøkkel. Også desse «nasjonale» tilskotta skal bort i 1975. Då vil Fellesskapet kunne krevje inn «eigne medel». Fellesskapet får rett til inntil 1% av avgiftsgrunnlaget for meirverdiavgifta i kvart land.

## Jordbruket i EF-landa

To tredelar av bruka i EF har mindre enn 100 dekar jord. Over fire femdelar av dei som er sysselsette i jordbruket, arbeider på bruk som samla ikkje ein gong svarar til halvta av den dyrka jorda i EF. Den gjennomsnittlege storleiken på bruk i Fellesskapet er 114 dekar (Noreg: 65, Italia: 71, Frankrike: 190). Mange vil hevde at bruka må verte større, dei er foraldra og høver ikkje til moderne samfunnsforhold, produksjonen må verte rasjonalisert og planlegginga må verte meir systematisk. Omsynet til familiebruket veg like mykje i fellesskapslanda sin politikk som i norsk. Det er ikkje heilt endefram å betre drifts- og eigedomstilhøva i jordbruket. Dei nasjonale styresmaktene ynskjer ikkje å rive brutalt opp eit tradisjonelt busetnadsmønster. Ein kan difor lett skjøne at dei ulike regjeringane ikkje har vilja føre over til medlemskapsorgana særleg stort rådvelde i strukturpolitikken. I eit vedtak frå 1962 heiter det at «gjennomføringa av strukturpolitikken ligg heilt særskilt til medlemsstatane».

Av dei medla landbruksfondet rår over, kan ein nytte opptil 285 millionar dollar om året til strukturpolitiske tiltak i form av stønad til private, offentlege og halvoffentlege verksemdar. Søknadene som vert avgjorde av fellesskapsorgana, skal alltid fremjast gjennom dei nasjonale styresmaktene. Stønaden frå Fellesskapet skal i prinsippet berre gjelde tiltak som høver inn i «fellesskapsprogramma» — og skal ha «varande økonomisk verknad for næringa». For tiltak som vert godkjende, dekker landbruksfondet vanleg 25% av dei samla kostnadene. (Unntak er Italia og Luxembourg der ein kan få dekt opptil 45%.)

Medlemslanda har vondt for å gå med på å formelt godkjenne fellesskapsprogram for strukturpolitikken. Dei vil helst ikkje at bindane fellesordningar skal avgrense den fridomen dei har sjølv å arbeide ut og gjennomføre ein nasjonal strukturpolitikk. Eit generelt forbod mot beinveges nasjonal pristøtte har gått saman med innføringa av fellesordningar for jordbruket.

Det har tvinga medlemsregjeringane til å føre stønaden frå direkte pristøtte på kvar einskild vare over på allmenne tiltak som kan betre strukturen i jordbruket. (Medan dei seks medlemslanda bruka i alt 850 millionar dollar på slike tiltak i 1960, var summen auka til 1900 millionar sju år seinare.) Alt i 1967 la Kommisjonen fram *framlegg* til fellesskapsprogram for aktiv samordning av strukturpolitikken, men framlegga fekk liten tilslutnad. I 1969 vart det fremja ein omfattande reformplan: Den såkalla Mansholt-planen analyserte grundig jordbruket sine problem i dei ulike EF-landa. Planen konkluderte med at pris- og marknadspolitiske tiltak aleine, slik stoda er i dag, korkje kan trygje ei rimeleg innkome for gardbrukarane eller syte for at inntektene i jordbruket aukar i takt med auken i andre samfunnsgrupper. Ein aktiv og målretta rasjonaliseringsprosess må ta til. Men det kan vere til meins for landdistrikta dersom

den yrkesaktive delen av dei som bryt opp frå jordbruket, må flytte vekk frå heimstaden for å finne nytt arbeid. Strukturreformer i jordbruket er difor avhengige av ein regional utbyggingspolitikk. Ein må skape nye arbeidsplassar i distrikta. Mansholt-planen frå 1969 fekk ikkje vidare tilslutnad frå medlemsregjeringane. Ein mini-Mansholt-plan vart så lagd fram i 1970. Han gjekk ut på å stimulere eldre bønder til førpensjonering og såleis fremje moderniseringa av jordbruket. Dette kom attåt tiltak som tok sikte på å avgrense nydyrkinga, å stimulere kjøttproduksjonen, og oppmuntre til produsentsamvirke. Heller ikkje mini-Mansholt-planen vart godkjend. Rådet vedtok likevel ein resolusjon i mars 1971 om strukturpolitikken. Denne gjev særstatus til dei vanskeleg stelte jordbruksområda. Medlemsstatane og Fellesskapet skal stø ei utvikling som skapar ny sysselsetjing i distrikta der overgangen frå jordbruket er sterk. Stønad kan ein gi både til brukarar som gir opp jordbruksyrket (førpensjonering) og til brukarar som blir i yrket (renterabatt og investeringstilskott til utviklingsbruk).

Med denne resolusjonen kom fellesskapsorgana eit steg nærare etableringa av ein sams strukturpolitikk. Det er ikkje små summar Fellesskapet nyttar til slike føremål: Strukturavdelinga til Landbruksfondet vil disponere over 1480 millionar dollar for dei fire åra fram til 1975. Då — altså etter ei eventuell utviding av EF — vil strukturpolitikken på nytt verte teken opp til grundig drøfting.

Diskusjonen i fellesskapsorgana og storleiken på løyvingane vitnar tydeleg om ei veksande erkjenning i medlemsregjeringane: Ein må nytte meir av fellesmedla til bate for *produsentane* i staden for å nytte dei til bate for *varene*. Moderne landbrukspolitikk kan ikkje berre vere pris- og marknadpolitikk. Han må òg ha klare strukturpolitiske og sosialpolitiske siktemål.

---

## Styringsmåten for jordbrukspolitikken i EF

---

Det er fellesskapsorgan i Brussel som legg til rettes og tar hand om den fellespolitikken som medlemslanda vert samde om. Som for samarbeidet elles tek Rådet dei avgjerder som etter kvart byggjer opp den sams jordbrukspolitikken. Når Rådet drøftar jordbruksaker, er det i regelen landbruksministrane i medlemslanda som kjem saman. Komitéen for dei faste representantane førebur det arbeidet som Rådet skal gjere. Båe desse utskotta rådfører seg med ein sær-

skilt jordbrukskomité der det sit høge embetsmenn frå deltakarland. Saker som er svært innflokke, vert studerte i arbeidsgrupper av nasjonale ekspertar.

Kommisjonen har dessutan skipa rådgjevande utval for kvar marknadsordning. Her er produsentane, samyrkelaga og forbrukarane representerte. Det same gjeld handels- og industriyrke som har tilknytting til problemet.

Mange av yrkesorganisasjonane i landbruket har slutta seg saman på 6-landsbasis og skipa eigne fellessekretariat i Brussel. Kommisjonen ynskjer å byggje ut eit nært og kontinuerleg samarbeid med desse gruppene, men jordbrukspolitikken blir styrt og må framleis bli styrt av regjeringane. Kvar einiskild regjering må kunne leggje til rettes det samarbeidsmønstret som organisasjonane er mest tente med på det nasjonale planet.

---

## Jordbruket i det utvida Fellesskapet

---

Vert Fellesskapet utvida med dei landa som til no har søkt om fullt medlemskap (Storbritannia, Danmark, Irland og Noreg), vil det på mange vis verte lettare å gjennomføre den sams jordbrukspolitikken.

Eitt av dei vanskelegaste problema som dei seks hittil har møtt, har vori den jamt årvisse overproduksjonen av viktige varer som kveite, mjølk og sukker. Det er på dette feltet at utlegga har vori størst for Landbruksfondet.

Jamvel om Irland og Danmark er etter måten store eksportørar av landbruksvarer, importerte Storbritannia aleine så store kvanta med jordbruksvarer at ein reknar at den utvida Sammarknaden ikkje lenger vil få nokon overskottsproduksjon. Ein vil såleis mykje lettare kunne finne fram til jamvekt mellom tilbod og etterspurnad i eit utvida Fellesskap med ti medlemmer enn i det EF ein har i dag. Storbritannia har klart gått med på den sams jordbrukspolitikken og prinsippa om fellesskapspreferanse, om sams importvern, sams finansiering av marknadsreguleringa og sams prisar. Til no har prisane til forbrukar legi lægre i Storbritannia enn på kontinentet, men dei britiske styresmaktene reknar med å kunne måta seg til prisane i Fellesskapet utan større vanskar i ein overgangsperiode på fem år.

Danmark og Irland, som baa har stor eksport av landbruksvarer, vonar å auke eksportinntektene sine avdi dei til no har måtta tevla med prisane på verdsmarknaden som ligg lægre enn dei prisane som Fellesskapet har. Til no har dei altså måtta selje til EF med verdsmarknadsprisar.

---

## Skogbruket i Noreg

---

Skogbruket i Noreg er i stor mon vovi inn i jordbruket. I gjennomsnitt svarar inntektene frå skogbruket for om lag ein tredel av dei samla arbeids- og kapitalinntektene i landbruket. For tida fell ca. 10.000 årsverk på leigd arbeidskraft. Brukarane sjølve med familiemedlemmer står for vel 8.000 årsverk.

Den sams jordbrukspolitikken gjeld ikkje for skogbruket og skogsprodukt, som kjem inn under dei generelle fellesskapsvedtaka. Skogbruket vil få føremonar om Noreg går med i EF. Då vil trevarer og foredla treprodukt gå tollfritt inn i Sammarknaden.

---

## Norsk jordbruk og EF

---

I eit memorandum som den norske regjeringa la fram om jordbruket den 21. juni 1971 vart det mellom anna sagt at jamvel om Noreg meir og meir vert avhengig av import av landbruksprodukt, kan landet likevel dekkje etterspurnaden på særskilte viktige varer. Det gjeld husdyrprodukt og fyrst og fremst mjølkeproduksjonen.

I norsk politikk legg ein overlag stor vekt på å føre inntekter frå andre næringar over på landbruket, slik at bøndene vert sikra ein levestandard som er på høgd med det inntektsnivået som andre grupper i folket har.

Ein legg òg vekt på å fremje meir effektiv produksjon. Gjennom dei siste tjue åra er talet på bruk kraftig redusert og sysselsetjinga i jordbruket er gått ned til under det halve av det ho var før. Den samla produksjonen held seg derimot på same nivået. For tida minkar sysselsetjinga i jordbruket med 3,5% i året.

Dei topografiske tilhøva gjer ofte vidare rasjonalisering svært vanskeleg.

Når ein skal forme ut landbrukspolitiske tiltak i Noreg, må ein leggje stor vekt på dei interessene som distrikta og folka der har. I mange distrikt er jordbruket mest einaste grunnlaget for økonomisk verksemd og for busetnad. Ein freistar skape nye arbeidsplassar i andre næringar, men i mange distrikt er det ikkje lett å få til slik alternativ sysselsetjing.

Omframme tiltak er difor nødvendige om ein vil bremse nedgangen i folketallet i dal og fjellbygder, i kyst- og fjordstrok og i Nord-Noreg.

Når norsk jordbruk treng støttetiltak som er meir omfattande enn det som er føresetnaden i Fellesskapet sin landbrukspolitikk, kjem det av naturtilhøva i Noreg. Kaldt klima, ujamn topografi som ofte ikkje gjev rom for anna enn små bruk, gjer at dei vanskane norsk jordbruk strir med, er av permanent karakter. Slike vanskar kan ikkje løysast gjennom overgangsordningar. Noreg må difor få varande særordningar. Ein må ta sikte på å kunne nytte også andre hjelpe-  
råder enn dei som den sams jordbrukspolitikken i EF gir rom for.

For å løyse dei problema ein vil få dersom den sams jordbrukspolitikken òg skal gjelde Noreg, går den norske regjeringa inn for eit system med pristilskott, òg kalla mellomlagslina. Denne løysinga gjer det råd å godta den sams jordbruksmarknaden, det sams prisnivået og det felles importvernet mot tredjeland.

Eit slikt system høver berre måteleg på hagebruksprodukt. Der må ein finne andre løysingar.

Det er òg klart at det må verte høve til å gjennomføre omframme støttetiltak i dei distrikta og for dei bruka som har det særskilt vanskeleg.

Ein kan summere tiltaka slik: Generelle pristilskott på somme produkt, inntektsutjamnande tilskott til distrikta, frakttilskott på nokre varer frå bruk som ligg langt frå dei store marknadene. Dertil kjem kontanttilskott som ikkje skal vere bundne til produkta. Det vil òg verte aktuelt med særskilte løysingar for somme hagebruksprodukt. Ein går òg ut ifrå at det vil verte råd å gi investeringsstønad til gardbrukarar og til samyrketiltak.

Den norske regjeringa reknar med at organisasjonane kan få ha same funksjon som hittil når det gjeld marknadsføringa og reguleringa av marknaden.

Den norske regjeringa har likeeins som føresetnad at ho kan forme ut detaljane i tiltaka i samråd med dei norske jordbruksorganisasjonane, såframt ein held seg innafor den ramma som avtalen med EF strekar opp.







## **Dei Europeiske Fellesskapa**

byggjer på:

---

**Traktaten om Det europeiske kol- og stålfellesskapet — EKSF**

**Traktaten om Det europeiske økonomiske fellesskapet (Fellesmarknaden) — EØF**

**Traktaten om Det europeiske atomenergifellesskapet — EURATOM**

---

### **Medlemmer i EF:**

Belgia — Tyskland — Frankrike — Italia —  
Luxembourg — Nederland.

---

### **EF's ORGAN:**

---

#### **Ministerrådet**

er det organet som tek avgjerdene.

6 medlemmer, ein representant for regjeringa frå kvart medlemsland.

---

#### **Kommisjonen**

Initiativtakande, administrerande og utøvande organ.

Vert oppnemnd av regjeringane etter felles avtale.

9 medlemmer: 2 frå Tyskland, Frankrike og Italia,

1 frå Belgia, Luxembourg og Nederland.

---

#### **Domstolen**

Kontrollerande organ.

Vert oppnemnd av regjeringane etter felles avtale.

7 medlemmer.

---

#### **Europa-parlamentet**

Parlamentarisk organ.

Vert oppnemnt av parlamenta i dei einskilde landa.

Tyskland, Frankrike og Italia har 36 representantar kvar,

Belgia og Nederland 14 representantar kvar,

Luxembourg 6 representantar.

---

Utanriksdepartementet har etter oppdrag frå  
Regjeringa gitt ut ein serie brosjyrar  
om aktuelle spørsmål i samband med  
søknaden om norsk medlemskap i EF.



---

Utgitt til no:

1. Roma-traktaten blir til
2. Arbeidsmarkedet og fagbevegelsen
3. Politisk samarbeid
4. Fiskeriene
5. EF's organisasjon
6. Sosialpolitikken
7. EF og utviklingslandene
8. Landbruket

Brosjyrane får ein frå  
Statens informasjonsteneste,  
Youngstorget 3 - Oslo-Dep., Oslo 1.

---

Utgitt juni 1971

Konsulentar: Statens informasjonsteneste, Statens trykkingsskontor

Lay-out: Ingolf Holme

Trykk: S. & Jul Sørensen A/S